



Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep.
0030 OSLO

Høyringsuttale - rapport om “avhør av særleg sårbare personer i straffesaker”

Det blir vist til høyringsbrev av 16. januar 2013 vedkommande avhør av særleg sårbare personar i straffesaker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har valt og gje merknader til enkelte delar av rapporten.

8. Ulike sider ved den praktiske gjennomføringa av avhøra

8.4.9 Arbeidsgruppas forslag

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje avgjerande merknader til at det opnast for å bruke bistandsadvokat som midlertidig verje, men oppnemninga av midlertidige verjer (les: setteverjer etter nåverande verjemålslov) bør likevel ikkje avgrensas til bare å gjelde bistandsadvokat. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer det er uheldig dersom ein blandar rolla som bistandsadvokaten har med rolla som den midlertidige verja skal ha. Den midlertidige verja skal ivareta barnet sine interesser der foreldra er inhabile. Det må dermed leggjast vekt på at barnet skal ha tillit til den som vert oppnemnt som verje. Det bør med det leggjast vekt på geografiske forhold, og det bør oppnemnast ein person som barnet har ein viss tilknytning til dersom dette er mogleg. Dette kan eksempelvis være rådgjevar på skulen til barnet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønskjer å vise til at påtalestyresmakta kan oppnemne midlertidige verjer ut frå ei liste som fylkesmannen i kvart enkelt fylke kan setja opp. Med dette kan ein sikre at det er mogleg å nytte personar som er eigna til oppdraget som midlertidig verje ut frå ei totalvurdering i den einskilde sak.

10. Andre regelendringar

10.3 Forslag til endringar i verjemålslova av 26. mars 2010

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser det som positivt at oppnemning i akutte tilfelle kan

gjerast av påtalestyresmakta, jf. forslag til nytt andre ledd i verjemålslova § 27.

Med helsing

Janne Woie (e.f.)
Seksjonssjef

Ann Lilly Inderhaug Orvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.